



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Eldrerådet  
**Møtedato** 23.09.2019  
**Møtetid:** Kl. 13:00 - 14:25  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti
Solveig Vassenden	BL
Svein Verner Røseth (vara)	FRP
Oddbjørg Hisdal	Fagforbundets pensjonist
Solveig Sjursen	Pensjonistforbundet
Bjørg Solvang	Pensjonistforbundet

### Møtenotater:

#### Leiar av heimetenesta, Reidun Abotnes, orienterte Eldrerådet om å ta i bruk velferdsteknologi i Samnanger.

Velferdsteknologi er ei nasjonal satsing, der Samnanger er 1 av 17 kommunar som er med i Vestland si satsing på dette.

Velferdsteknologi er i rask utvikling og Samnanger har forplikta seg gjennom ei samarbeidsavtale å bruke Atea som leverandør.

#### I løpet av hausten 2019 og våren 2020 vil kommunen innføre:

- E-lås – Alle med tryggleiksalarm vil få tilbod om E-lås slik at heimetenesta slepp nøklar . Brukarane låser dørene sine som tidlegare, men heimetenesta kan tilgangstyre dørlås med hjelp av sine arbeidstelefonar. Samnanger har vedteke å ikkje ta betaling i starten når kommune tar i bruk E-lås systemet. Teknisk drift skal installere utstyret som trengs for E-lås. Tryggleiksalarm vil fortsatt vera i bruk, og må sjåast i samanheng med E-lås . Heimesjukepleien går over til ny leverandør til våren og dei gamle tryggleiksalarmane vert skifta ut. Det er 43 alarmer i bruk.
- Medisindispenser – Dispenser med medisin for opptil 1 månad. Denne gjev melding med pipelyd om å ta medisin. Dersom medisinen ikkje vert teken, vil det verte melding til heimesjukepleien. Behov og om dette vil fungere vil verte vurdert individuelt. Multidose vil framleis vera tilbod til dei som det høver best for. For tunghørte må også andre løysingar verte vurdert. Hørselskontakt –Oddveig Haugen og Marit Trengereid er kontaktpersonar. Tilsette skal ha kurs før dette vert utrullert i bruk.

#### Anna velferdsteknologi som kommunane etter kvart skal ta i bruk:

- GPS – Hjelpemiddel for heimesjukepleien til sporing av klientar. Avtale med pårørande må vera gjennomført. Desse må ladast opp. Her må ein vurdere sikkerheit opp mot friheit før det vert gjort avtale, og vedtak om å ta dette i bruk.
- Digitalt tilsyn – Overvaking som vert nytta helst på nattetid. Oftast brukt dersom det er

behov på sjukeheim. Det skal ligge føre samtykke før det vert teke i bruk, ev eit tvangsvedtak. Tiltaket skal verte vurdert kvar 3. mnd, med eit nytt vedtak.

### Informasjon

- Det er til svært god hjelp om og Eldrerådet framsnaker velferdsteknologi som hjelpemiddel for både dei eldre og pårørande. Reidun vil sende ut informasjon til dei heimebuande. Samnanger kommune og Pensjonisten ska ha møte den 27 nov. om Lev heile livet, og informera om digitale hjelpemiddel.

### Førebyggjande heimebesøk

- Reidun informerte og om at alle eldre frå 81 år vil få brev i posten om tilbod om heimebesøk av heimetenesta. Dersom det er yngre eldre som har behov for besøk får desse og tilbodet. Det er mest truleg sjukepleiar Tone Drevsjø som vil gjennomføre besøka. Det vil og verte orientering i Samningen. Vedlagt ligg Brosjyre om tilbodet. Det er her og viktig at Eldrerådet spreier informasjon om tilbodet.

### Digi Helse/HelseNorge

- Heimetenesta har tilgang til sine klientar sine oppdrag gitt i HelseNorge. Alle brukarar med BankID eller MobilID (som banktenester) og Tippekort kan logge seg på og har tilgang til sine helseopplysningar. Der er det og mogleg å gje fullmakt til pårørande.

### Søknad om tilskot til tiltak som kan førebygge demens

- Eldrerådet ønska å få til fleire aktivitetar på dagsenteret ved hjelp av frivillige. Tilbod til yngre demente vert og viktig. Dei ønska og at det skulle vera mogleg med kurs for pårørande. Reidun orienterte at besøk til «Inn på tunet» i Hegglandsdalen og kan vera eit tiltak som kan takast med i søknaden.

### Kafé i storstova på Samnangerheimen

- Alt er nærast klart for å starte opp. Solveig har avtale med Janne, leiar på sjukeheimen, om marknadsføring og påmelding. Her kan det og verte lagt opp til fleire ulike aktivitetar. Dette kan bli veldig bra.

<b>Møteleiar:</b>	Solveig Vassenden
<b>Møtesekretær:</b>	Hilde-Lill Våge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 24.09.2019

---

Solveig Vassenden  
leiar i utvalet

---

Hilde-Lill Våge  
assisterande rådmann

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
002/2019	19/843	Faste saker	

## **SAKNR. 002/2019: Faste saker**

### **23.09.2019 Eldrerådet:**

Handsaming i møtet:

Ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Ikkje merknader til protokoll frå førre møte. Mogleg dei ikkje har fått protokollen tilsendt. Våge sjekker det, og ev sender den ut på nytt.

Ikkje saker til utvalet sitt kvarter.

### **ELD- 002/2019 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Referatsaker vert tekne til orientering.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.